

Skandale eit dekkande ord, når det gjeld SAMO, ferjer og Austevoll

I 10 år har det vore grundig dokumentert at Austevoll ikkje får det rutetilbodet som trafikkgrunnlaget tilseier. Helge Hopen rapporten viste dette i 2015 og all ferjestatistikk har vist det same etter det.

Endeleg har dette gått inn hos Arve Helle og hans SAMO (hovudutval for samferdsel og mobilitet). **No vil utvalet til Arve, at det er Austevollingane som skal betala for at han og utvalet hans ikkje har utført det arbeidet dei er sett til.**

Eg og mange andre har brukt mykje tid på å dokumentere at ferjetilbodet ikkje samsvarar med trafikkgrunnlaget, over dei siste 10 åra. **Det er 30 fylkesvegferjesamband i fylket vårt. Dei 2 sambanda i Austevoll står for 14 % av all trafikk (PBE). Då skulle ein tru at også det utgjør 14% av alle inntekter, om det ikkje gjer det er det SAMO si plikt å få dette utbetalt frå Staten.** (Tar ein ruteproduksjon km x PBE, blir dette høgare då billettinntekt blir rekna ut får det). Fakta blir jo då at Austevoll allereie er med og subsidierer dei andre sambanda. Fylket får jo betalt gratisferjer frå staten.

Når me har etterspurt retningsliner for drift av ferjer, ovanfor SAMO og Skyss er eit av svara me har fått at dei er delvis styrt av historiske perspektiv. Sannheita er at dei ikkje har hatt retningsliner, dei har no vedtatt at dei skal innføra det. Det er manglande retningsliner som er årsaka til at Austevoll sambanda er blitt så kraftig underdimensjonert av fylket. **SAMO forvaltar i dag eit budsjett på 1,5 milliardar kroner til fylkesvegferjer, i Vestland, utan retningsliner.** Sakene om pendlar bustad og andre skandale saker er ein bagatell i forhold til dette.

Døme: Hufthamar – Krokeide har betydeleg dårlegare tilbod enn Skjersholmane – Ranavik som har 40 % mindre trafikk og 2 ferjer i drift kvar dag heile året. Det går 4 natt ferjer tur retur over Hardangerfjorden der dei har omkøyringsmoglegheiter.

Når det gjeld kvifor det er blitt så stor auke i trafikken så er svaret enkelt, og det har ikkje noko med gratis ferjer eller bubilar å gjera. **Helge Hopen rapporten kom i 2015, 3 år før første anbodstart i 2018.** I tillegg til å dokumentera at Austevolls ferjene ikkje får det rutetilbodet som trafikk grunnlaget tilsa, og at me ikkje har omkøyringsmogelegheiter, forklarte Helge Hopen rapporten dette: «Næringslivet i Austevoll har ei verdiskaping som ligg 62 % over gjennomsnittet i landet». **Dette er forklaringa på auka år for år, næringslivet vårt er eksepsjonelt og skal ikkje straffast for at SAMO ikkje utfører det som er jobben deira. Skyss burde sjølv sagt og vore på banen og ikkje på sidelina. I følge SSB pendlar det 685 inn til Austevoll og 452 ut av Austevoll (2024 tal). Dette seier alt om Austevollingane og næringslivet me har.**

Eg vil oppfordra innbyggjarar, næringslivet og politikarane i Austevoll til eit opprop til Samferdsledepartementet, det kan ikkje være dette som var meininga då fylka fekk ansvar for fylkesvegferjesambanda, SAMO kan ikkje behandla oss på denne måten. Dette må jo og være ein sak som Riksrevisjonen burde ta tak i, sjølv om dei ikkje har gjort det når eg har sendt inn klage tidlegare. Me kan ikkje forholde oss til SAMO lengre, noko må gjerast. Det kan ikkje være politikarane som skal bestemme ferjerutene, det må være ferjestatistikk og om ein har omkøyringsmogelegheiter. **Dette er ein skandale og no må me seia stopp, 10 år med grov forskjellsbehandling er nok.**

Litt av historikken kan ein lesa her: <https://hufthamar.no/ferjer-og-samferdsle-for-austevoll/>

Tore Hufthammer

Hufthamar.no